

Uttale «Vidareutvikling av muskarordninga i Vestland»

Sogndal kommune er positive til at Vestland fylkeskommune ynskjer å utvida distriktsmuskarordninga. Vi vonar at interessa for slike stillingar er stor også mellom kommunane i gamle Hordaland fylke. Sogndal kommune vonar også at VLFK vil vidareutvikla dei eksisterande stillingane i gamle Sogn og Fjordane, og vi er positive til at fylkesmuskarstillingane vert gjort om til distriktsmuskarstillingar.


Ordninga med den sokalla fylkeskvote er unik for distriktsmuskarordninga i gamle Sogn og Fjordane. Ordninga representerte ein ressurs på inntil 400 dagar med profesjonelle muskarar pr. år, og har vore viktig for musikklivet i gamle Sogn og Fjordane. Dersom fylket no fordelar denne ressursen til arrangørar og prosjekt i heile Vestland, utan å stilla med tilsvarende ressursar i søre del av fylket, er Sogndal kommune uroa for at dette kan føre til ei mindre tilbod til musikklivet i gamle Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen bør også unngå at desse musikartenestene frå VLFK utkonkurrerer freelance - muskarar i sentrale deler av fylket.

Utgreiinga om vidareutvikling av muskarordningane i Vestland har fokus på klassisk musikk, folkemusikk og dans. Det er vi glad for. Sogndal kommune meiner også at vi saman bør sjå på høvet til å inkludera andre sjangrar, som t.d. rytmisk musikk. Eit felt som vi bør undersøka interessa for- er å etablera stillingar som kan tena korpslivet og bidra til utviklinga av jazz og storband.

Med helsing

Sogndal kommune



Arnstein Menes
ordfører

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Vedlegg: Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak